



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 10

Telefaks 53 43 70 11

Landbruks- og matdep.
2006 143 181
Mottatt 10.05.2006 MP/SDD
MBB 713

Det kgl. landbruks- og matdepartement
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

UGGDAL, 16.05.06

Saksnr.
06/00279

Dok.nr
003708/06

Arkivkode
000

Avd/Sek/Saksh
FSK/FEL/ANTE/ådh

Dykkar ref.


HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Me viser til tilsende høyringsframlegg.

- ./ Formannskapet handsama saka i møte 9. mai 2006, og har vedteke uttale i saka slik det går fram av vedlagde kopi av møteboka for sak F 39/06.

Med helsing
Tysnes kommune

Audun Hovland
rådmann


Anders Teigen
førstekonsulent/it-leiar

Kopi m/vedlegg: Karl Lunde
Synnøve Hodneland

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
FORMANNSKAPET

Møtedato
09.05.06

Arkivsak : 06/00279 A -
Arkivkode: 000

Sakshandsamar: Anders Teigen

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	09.05.06	PS 0039/06

HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRING I LOV OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

- Vedlegg: 1. Høyringsframlegget frå landbruks- og matdepartementet av 15.02.06
2. Uttale frå Den norske veterinærforening av 23.03.06
3. Uttale frå veterinærane Hodneland og Lunde 04.05.06

SAKSUTGREIING:

Framlegget inneber at ansvaret, både for å syta for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell og for klinisk veterinæravt, går over til kommunane frå 2007. I vedlegga er dette gjennomgått nærare.

Kva som er tilfredsstillande tilgang på tenester vil dermed bli opp til kommunen å vurdere.

Tysnes kommune har i ei rekkje år betalt tilskot på vel 300.000 til veterinærane. Dette har vorte redusert siste åra ut frå kommunen sin økonomiske situasjon.

Tysnes kommune har framleis relativt sett mange gardsbruk i drift, og ei tilfredsstillande veterinærordning er såleis viktig for oss.

I høyringsframlegget side 6 står det m.a. at "Regjeringen har en ambisjon om at alle nye oppgaver som pålegges kommunal sektor skal være fullfinansiert." Departementet skriv også at midlar til desse oppgåvene skal innlemmast i rammetilskotet til kommunane. Ettersom me ikkje veit kva ordninga vil kosta kommunen før etter utgangen av kvart rekneskapsår, så vil nemnde innlemming i rammetilskotet innebera at departementet legg opp til ei noko teoretisk fullfinansiering.

Dersom departementet ynskjer ei reell fullfinansiering, må kommunen i tillegg i ettertid få refundert alle kostnader som tilskotet ikkje har dekket. Eit slikt refusjonskrav må vera basert på

at kommunen ved rekneskapsavslutninga etter kvart år, set opp ei sjølvkostoversikt over kva tilskotet ikkje har dekkja av kostnadene med denne nye ordninga.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune er generelt skeptisk til kvar ny oppgåve som skal overførast frå staten. Ofte har staten overført langt mindre midlar enn kva dei aktuelle nye oppgåvene har kosta kommunen.

Kommunen er likevel i utgangspunktet positiv til å få overført ansvar frå staten i samsvar med framlegget til endringane i lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell, men berre dersom staten syt for ei reell fullfinansiering av dei nye oppgåvene.

Dersom oppgåvene ikkje vert heilt ut fullfinansierte, vert det umogeleg for kommunen å ta på seg desse nye oppgåvene.

VEDTAK I FORMANNSKAPET 09.05.06:

I samsvar med innstilling.